

Gardar tekne av snøskred i Jostedalen

Av Oddmund L. Hoel

Snøskred har alltid vore ein vanleg del av vinteren i Jostedalen, men det er sjeldan dei gjer skade på hus eller folk. I dei få tilfella der folk er komne til skade eller omkomne, har det oftast skjedd til fjells eller i utmarka. I det følgjande skal me avgrense oss til dei aller mest dramatiske skredhendingane: Der gardshus med folk inni er øydelagde.

Ca 1680:

Kyrkjjetårnet øydelagt

Den eldste dokumenterte snøskredulukka eg kjenner til, er då fonnvinden frå Storeskreda øydela kyrkjjetårnet. I jubileumboka for kyrkja i fjor skreiv me at dette skjedde i 1682, men kyrkjerekneskapen er felles for åra 1678–81 (rekneskapsperiode frå 1. mai 1678 til 1. mai 1682), så me veit berre at det må ha hendt i dette tidsrommet. Her får me vite at kyrkjeombodsmannen Hans Ravn for eiga rekning sette opp "itt nytt taarn i steden for det forige, som aff sneeschreed bleff forderffuit". Prestegarden låg på den tida på dagens parkeringsplass framafor kyrkja, så me kan rekne med at det gjekk hardt utover nokre gardshus òg, men det har me ingen skriftlege opplysningar om.

Før 1742:

Bergset øydelagt to gonger

I tingboka for 1742 finn me ei opplysning om at Bergset hadde fått hard medfart av snøskred: "Herforuden Sneeskreden i tvende gange udj 18 eller 20 Aars tid at reigne, hafde borttaget all gaardens huuse, som paa nye tuffter vare henflytted." Det må vere snakk om to skredulukker på 18–20 år, men det er uvisst kor lenge før 1742 den siste var. Omfanget av ulukkene er òg noko uklart. Me får vite at alle gardshusa vart tekne, men ikkje om det gjekk liv tapt. Gamletunet som vart råka, låg attmed Fjøsåkeren ca 200 meter aust og opp for dagens tun. Ein gong før 1742 vart gardshusa altså flytte og bygde opp att der tunet no ligg ved endepunktet for fylkesvegen gjennom Krundalen.


1768: Espe

Den fyrste snøskredulukka me har nokolunde presise opplysningar om, er den som råka Espe. Hendinga er skildra i tingboka, truleg fordi den uheldige bonden, Lars Jetmundson Espe, trong eit vitnemål frå tinget for å kunne be om skattefritak. Her kan me lese at fonna kom ved kynnelsmessetider (altså kring 2. februar), og at 14 heimehus og uthus vart "nedbrudte og sønderknuste. 13

storfe og alle sauene, geitene og grisene vart drepne, og alt innbu og jamvel jarngrytene vart brotne sund. Og "det bedrøveligste" var at kona hans (Kari Johannesdotter Espe) og den yngste sonen deira "ynkelig omkom". Det meste av framstillinga i tingboka er sitert av Jon Laberg, og Alfred Espe har skrivne grundig om hendinga.

1846: Kleivi og Leteigen

Den neste alvorlege skredulukka har eg ikkje sett eit einaste spor etter i den lokalhistoriske litteraturen. Men eit stykke i Morgenbladet 17. mars 1846 av sokneprest Michael Fasting, gjev ei grundig skildring av ulukka som råka husmannsplassane Kleivi i Mjølvergreudi og Leteigen under Li tidleg om morgonen 11. februar same året. I Kleivi var det seks menneske då fonna kom: ein kar på mest 90 år, husmannen og husmannskona som låg i stovehuset, og tre born som sov i fjøsen. Dei tre borna greidde å grave seg ut av den nedbrotne fjøsen og sprang nakne til neste gard for å hente hjelp. Hjelpa kom til og fekk fyrst grave fram den uskadde husmannen. Kona hans fann dei i live, men "betydelig beskadiget" under ein nedfallen bjelke. Til slutt grov dei uskadd fram han på mest 90, som



Første del av saka i tingbok for Indre Sogn sorenskriveri 8. juni 1768 om skredulukka på Espe i februar (side 176a).

var i "sit sædvanlige muntre lune" og bad om å få skråtobakk sidan han rekna med dei ville bruke noko tid på å få han opp.

I Leteigen gjekk det verre sjølv om ingen av dei seks som budde der, miste livet. Fire vart skadde, og Ikkje eit einaste hus stod att. Husmannen og husmannskona var i stovehuset i lag med sonen deira og kona hans, som sat og amma den vekegamle ungen deira då fonna kom. Då mora kom til seg sjølv ute i snøen, byrja ho "at kradse omkring i sneen" og fann bornet uskadd. Berre dei to og husmannen (svigerfaren hennar) var oppe av snøen. Etter ein time kom det folk til som greidde å grave fram husmannskona og tenestejenta, og fyrst etter tre timar fann dei husmannssoenen (far til barnet) mest livlaus. Han hadde vorte hengande berrføtt "og så godt som nøgen over en Birkestamme med endeel stokke over sig". Han hadde fått eit står i panna og truleg brote ein del ribbein attåt nedkjøling og truleg frostskeadar, og berre svigerdottera og spedbarnet hennar kom uskadde frå ulukka. Leteigen var rydda i 1814, og tunet vart seinare flytt – det hende truleg etter skredulukka.

1849: Bakkane og Daveplassen

Den 26.-27. januar 1849 vart to huslydar i Krundalen råka i ei av dei meir kjende skredulukkene i Jostedalen. Også denne gongen er kjelda vår ein artikkel i Morgenbladet (7. mars) av soknepresten, Christian Bastholm Heltberg. Presten skriv at jamvel ikkje "de eldste mænd" kunne minnast så mykje snø som det var kome denne vinteren. Me skal ikkje sjå heilt bort frå at prestane smurde litt ekstra på i desse stykka, men i all hovudsak kan me nok tru på faktaplysnigane.

Tunet i Bakkane låg på den tida på

høgd med tuna i Røysi og Snøtun. Fredagskvelden 26. februar kom fonna som øydela 11 hus på garden. Berre to hus stod att, og det eine var lukkelegvis stovehuset – det var nok grunnen til at ingen kom til skade. Det andre huset som berga, "var før nedsneet". Gardeigar var Peder Johnson Grov, og det var innersten Guttorm Olsen med huslyd som budde i Bakkane og dreiv bruket. Det rauk med 19 husdyr, heile korn- og høvavlinga, all maten for vinteren og mykje klede og "huusgeraad". Dei var redde for fleire fenner, så dei flytte inn i ein jordkjellar. Innerstkona Siri var høggravid og fødselen nærma seg, så etter nokre dagar gjekk ho "til op under armene i sneen" til Haugen. Kyrkjeboka fortel oss at Siri fødte dottera Britta 31. januar. I bygdeboka heiter det at tunet i Bakkane vart flytt dit det ligg i dag i 1877. Det er vel rimeleg å tru at fonnfaren var grunnen til at tunet vart flytt.

Verre gjekk det med Daveplassen mellom Kruna og Kvam om morgonen 27. januar. Alle husa vart øydelagde. Husmannen Dave Johnson vart "aldeles lemlæstet, og ligger paa sygeleiet under de største lidelser". Den eine foten til kona hans vart knust, det eldste barnet var heldigvis uskadd, men det yngste på to år vart fyrst attfunne etter to timar, kraftig nedkjølt ein alen (63 cm) under snøen. Han greidde seg likevel. Alt dei åtte gjekk tapt bortsett frå ei kyr. Då presten skreiv dette 14 dagar etter, hadde dei enno ikkje greidd å skaffe familien legehjelp fordi legen budde i Sogndal og vegen til ut av bygda var uframkommeleg. "Al færdsel inden præstegjeldet er ophørt; gudstjenesten kan sjelden blive afholdt, og skolebørnene kunne ikke komme i omgangsskolerne." Daveplassen var truleg rydda i 1790-åra og vart fråflytt etter ulukka. Den ulukkelege Dave Johnson døydde 31. mars 1852 då

han skulle ta seg over Jostedalsbreen og fall ned i ein bresprekk.

Presten legg til at uveret heldt fram, og at det hadde gått fenner som hadde teke hus på mest alle gardane i Krundalen, men heldigvis ingen stovehus eller fjøs, så ingen fleire menneske eller dyr var kome til skade. Men alle krundølene overnatta no i jordkjellarane. Berre Haugen vart rekna som trygg, skriv presten som avsluttar med at "Ogsaa idag sneer det".

1868: Tøgeplassen under Li

1868 var ein av dei verste skredvintrane ein kjenner til i Vest- og Midt-Noreg. Minst 161 menneske omkom i skredulukker mellom Røldal i Hordaland og Oppdal i Trøndelag, to av dei i Jostedalen. Den 6. februar råka eit snøskred Tøgeplassen som låg rett vest for gardstunet på hovudbruket i Li. Husmannen Tøger Larsson frå Horpen i Fåberg og kona Kari Olsdotter frå Brenna under Bergset hadde gått i gang med å rydde plassen i 1867, under eit år før ulukka. Kyrkjeboka fortel at dei to borna deira, Lars (4 år) og Ole (7 mnd) omkom. Ein munnleg tradisjon vil ha det til at smågutane fekk pipa over seg, men det går ikkje fram av skriftlege kjelder. Det høyrer med til saga at ein av fadrane til Ole var Peder Johnson Grov, som i 1849 hadde opplevd at Bakkane som han åtte (men ikkje budde på) vart øydelagd av snøskred. Tøger og Kari flytte etter dette frå Tøgeplassen og enda opp som husmannsfolk under Kilen i Dalsdalen.

Desse sogene om ulukker og elende vert endå verre når me veit at folka som vart råka, vart kasta ut i eit liv i djup fattigdom. Felles for snøskredene på 1800-talet er at dei råka

husmannsplassar eller bruk som var rydda i nyare tid (etter 1790) og var bygde på meir utsette stader enn dei gamle gardstuna. Dei som budde her, var lutfattige frå før og miste det vesle dei åtte i ulukkene. Om Dave Johnson veit me sikkert at han og huslyden måtte tigge til livsopp-haldet etter ulukka; det galdt nok dei fleste. Frå naturkatastrofar i andre delar av verda i dag veit me at det gjerne er dei fattigaste som vert råka hardest. Slik ser det òg ut til å ha vore med snøskredulukkene hjå oss før i tida. Bak ulukkene ligg det såleis nokre gripande lagnader som det ikkje er rom for å gå meir inn på her.

Kjelder:

Tidlegare omtaler av desse ulukkene kan vere noko upresise.

Avskrifter og omtaler av kjeldene finst på nettstaden til Jostedal historielag:

*<http://www.historielaget.jostedal.no>, under "Skred, flaumar og brevekst". Bøker som er nemnde: Espe, Alfred. (2000). *Espe-grendi. Luster - lokalhistorisk årbok (nr. 4)*, 37-106.*

*Laberg, Jon. (1939-48). *Jostedal. Ei stutt utgreiding um bygdi og folket der. [Del 1-3.] Tidsskrift utgitt av Historielaget for Sogn (nr. 10, 11 og 13).**

Øvregard, Kåre, Asbjørg Ormberg, og Oddmund L. Hoel. (2010).

Jostedal kyrkje. Fakta, segn og soge gjennom 350 år. Leikanger: Skald forlag.

*Øyane, Lars E. (1994). *Jostedal sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune. (Bd. 5). Gaupne: Luster kommune.**

Dette gjer ikkje krav på å vere eit fullstendig oversyn, så meld gjerne ifrå til meg om du kjenner til fleire skredulucker.

Siste nytt frå 1600-talet

Jostedalen del av Hafslo prestegjeld kring 1615

Då me arbeidde med jubileumsboka om kyrkja, måtte me gje opp å finne ut meir om når Jostedal sokn vart eige prestegjeld og kva prestegjeld Jostedalen tidlegare hadde høyrte til. Uvissa knyter seg til tida frå nybyggjarane kom til dalen sist på 1500-talet til uti 1630-åra då det verkar nokolunde sikkert at Jostedalen var eige prestegjeld. Eit par eldre framstillingar hevdar at Jostedalen ei tid tidleg på 1600-talet var eit lite anneksokn i Hafslo prestegjeld, men kjelda for opplysninga fann me aldri.

No veit me at denne opplysninga stemmer og kvar ho stammar frå. Futane sette opp fleire typar skattelister som vart sende til lensherren i Bergen og vidare til Rentekammeret i København. Riksarkivet la sommaren 2011 ut alle skattelister før ca 1660 på nettet, og ein rask sjekk gav følgjande resultat:

I manntala over kongetiendene for Sogn er Jostedalen fyrste gong nemnd for rekneskapsåret 1615–16 (frå/til 1. mai). I manntala for 1616–17, 1617–18 og 1618–19 liknar formuleringane mykje. I alle desse manntala er Jostedalen oppført under Hafslo prestegjeld. I den fyrste lista heiter det på 1600-tals-dansk at "Jøstedalenn" er "et lidet Annex Liggerendis thill fieldz, Jordene der sammestedz, for nogen faa Aar sidenn ophagenn aff Øde, grenntzer imodt Norfiord lehn." Her finn me altså òg ei opplysning eg aldri har sett referert før om at nybyggjarane kom til dalen for "nogen faa Aar siden", men det kan seinast ha vore 20 år tidlegare (før 1596). Også i dei neste fire skattelistene er Jostedalen kalla "et lidit Annex thill fieldzt", altså under Hafslo prestegjeld.

Det er uklart når tilværet under Hafslo byrja og korleis ordninga kom i stand. Jostedalen er ikkje nemnd i tiendmanntala for Sogn som er bevarte frå 1607, 1611, 1612 og 1614. Det kan kanskje tyde på at Jostedalen før 1615 låg under Dale prestegjeld (Luster), som var eige len og såleis ikkje er med i nokon av tiendmanntala for Sogn korkje før eller etter 1615-18.

Meir sikkert er det nok at hopehavet med Hafslo tok slutt kring 1620. Då vart Mikkel Nilsson prest, og han var truleg son av soknepresten i Luster. No vart ordninga at kongetiendene skulle gå til presten Mikkel. Jostedalen er frå 1620 ikkje lenger nemnd som anneks under Hafslo, og i 1632 er Jostedalen uttrykkjeleg nemnt som anneks under Luster prestegjeld, men altså med eigen prest. Frå 1636 har me dokument som temmeleg sikkert viser at Jostedalen var eige prestegjeld. Ein viktig ting med prestegjeldsinndelinga var at ho vart lagd til grunn for kommunestrukturen i 1837/38, så her er ein del av bakgrunnen for at Jostedalen vart eigen kommune.

Kjelder

Sjå nettstaden til Jostedal historielag, Kongetiendene 1615-1618, http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1933.